

Arbeid på Nordåsstraumen bru

I løpet av mars og april 2012 skal Statens vegvesen rehabilitere Nordåsstraumen bru på fv. 556. Her skal mellom anna skiftast brudekke i køyrefeltet, som i dag er av type gitterrist. Dette vil bli erstatta med tett ståldekke med eit tynt slidedekke.

Gangfeltet på brua vil vere oppe for vanleg ferdsel i heile perioden, men bruarbeida krev at straumen blir stengt for båttrafikk i mars.

Vegfarande

Køyrefeltet på brua vil bli stengt i ca. ein måned i løpet av denne perioden. Det vil seie at biltrafikken må nytte omkøyring via Knappetunnelen eller Fjøsanger.

Dette vert annonsert.

Bussreisande vil få endringar i ruter og rutetider, noko Statens vegvesen samarbeider med Skyss om å løyse på best mogleg vis. Endringar og rutetider vert også annonsert.

Gåande og syklande kan nytte gangfeltet som vanleg.

Sjøfarande

Nordåsstraumen må som nemnt stengast for båttrafikk i mars. Det er difor viktig at dei som har båtar i Nordåsvatnet og skal ut i fritt farvatn i løpet av denne månaden tar båten sin ut før den tid. Straumen vil verte opna for ferdsle til påske

Vegnaboar

Det vil bli noko støy frå brustaden under opprustingsarbeidet. Det dreier seg om støy frå sandblåsing, meisling og liknande arbeid .

Vi vonar ulempene ved brustenginga kan vere til å leve med. Arbeida skal vere avslutta i løpet av april.

Kontaktperson i Statens vegvesen

Anne Margit Fjeldstad tlf.: 55 51 62 16 / 917 49 184 e-post: anne.fjeldstad@vegvesen.no